Meeting Book: Seljord kontrollutval (25.10.2017)

Seljord kontrollutval

Date: 2017-10-25T17:00:00

Location: Morgedal hotell

Note:

Saksliste

Møteinnkalling

4/17 Godkjenning av møteinnkalling 25.10.2017 3

Møteprotokoll

4/17 Godkjenning av protokoll frå møtet 11.10.2017 4

Saker til behandling

21/17 Rapport - Selskapskontroll - Brannversamarbeidet i Vest Telemark IKS 17

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 17/00104-22
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato
Seljord kontrollutval	25.10.2017

Godkjenning av møteinnkalling 25.10.2017

Forslag frå sekretariatet:
Møteinnkalling 25.10.2017 vert godkjend.

Saksopplysningar:
Møteinnkalling 25.10.2017 leggast fram for godkjenning.

Vedlegg:
- Møteinnkalling 25.10.2017

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 17/00104-23
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato
Seljord kontrollutval	25.10.2017

Godkjenning av protokoll frå møtet 11.10.2017

Forslag frå sekretariatet:
Protokoll frå møtet 11.10.2017 vert godkjend.

Saksopplysningar:
Protokoll frå møtet 11.10.2017 leggast fram for godkjenning.

Vedlegg:
- Protokoll frå møtet 11.10.2017

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Møteprotokoll

Seljord kontrollutval

Dato:	11.10.2017 kl. 9:00
Stad:	Kommunehuset, møterommet 1. høgda
Arkivsak:	17/00104
Til stades:	Sigrun Dyrland Eidal, Mette Aanderaa, Gunleif Oland, Arve Lia
Møtande varamedlemmer:	Tone Reiten
Fråfall:	John Olav Haugetuft
Andre:	Oppdragsrevisor Hilde Vatnar Oppdragsrevisor Elizabeth Kasin Rådmann Kari Gro Espeland Kommunalsjef helse og omsorg Rolf Henning Jensen Teknisk sjef Kåre Groven
Protokollførar:	Ingebjørg Liland

Sakskart			Side
		Møteinnkalling	
3/17	17/00104-13	Godkjenning av møteinnkalling 11.10.2017	3
		Møteprotokoll	
3/17	17/00104-14	Godkjenning av protokoll frå møtet 07.06.2017	4
		Saker til behandling	
13/17	17/13875-1	Orientering frå eining Helse og omsorg	5

14/17	17/13871-1	Kommunens oppfølging av tilsyn - Brannvern	6
15/17	17/13969-1	Melding om endring i revisjonsteamet i Seljord kommune	7
16/17	17/07793-1	Revisors sjølvstende - Seljord kommune	8
17/17	17/07790-1	Overordna revisjonsstrategi 2017 - Seljord kommune	9
18/17	17/07797-1	Budsjett for kontroll og tilsyn 2018 – Seljord kommune	10
19/17	17/00117-5	Referatsaker 11.10.2017	11
20/17	17/00109-5	Eventuelt 11.10.2017	12

Seljord, 11.10.2017

Sigrun Dyrland Eidal
Kontrollutvalgsleder

Ingebjørg Liland
Sekretær

Møteinnkalling

3/17 Godkjenning av møteinnkalling 11.10.2017

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	11.10.2017	3/17

Forslag frå sekretariatet:

Møteinnkalling 11.10.2017 vert godkjend.

Møtehandsaming

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Møteinnkalling 11.10.2017 vert godkjend

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

Møteprotokoll

3/17 Godkjenning av protokoll frå møtet 07.06.2017

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	11.10.2017	3/17

Forslag frå sekretariatet:

Protokoll frå møtet 07.06.2017 vert godkjend.

Møtehandsaming

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Protokoll frå møtet 07.06.2017 vert godkjend.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

Saker til handsaming

13/17 Orientering frå eining Helse og omsorg

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	11.10.2017	13/17

Forslag frå sekretariatet:

Saka takas til vitande.

Møtehandsamin
Kommunalsjef helse og omsorg, Rolf Henning Jensen, ga utvalet ei orientering i møtet, og svara på spørsmål frå utvalsmedlemene. Rådmann Kari Gro Espeland kommenterte i saka.

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Saka takas til vitande.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

14/17 Kommunens oppfølging av tilsyn - Brannvern

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	11.10.2017	14/17

Forslag frå sekretariatet:

Saka vert teken til vitande.

Kontrollutvalet ber om å få tilsendt kopi av Arbeidstilsynets attendemelding på lukking av avvik.

Møtehandsaming
Teknisk sjef Kåre Groven og Rådmann Kari Gro Espeland orientera utvalet om saka og svara på spørsmål.

Forslag til tillegg til vedtak: Kontrollutvalet meiner at vetak om pålegg bør prioriterast og svar må gjevast innan fristen.

Votering
Samrøystes for vedtak med tilleggsforslag.

Vedtak
Saka vert teken til vitande.

Kontrollutvalet meiner at vedtak om pålegg bør prioriterast og svar må gjevast innan fristen.

Kontrollutvalet ber om å få tilsendt kopi av Arbeidstilsynets attendemelding på lukking av avvik.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

15/17 Melding om endring i revisjonsteamet i Seljord kommune

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	11.10.2017	15/17

Forslag frå sekretariatet:

Saka vert teken til vitande.

Møtehandsaming
Oppdragsrevisor Hilde Vatnar presentera seg i møtet.

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Saka vert teken til vitande.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

16/17 Revisors sjølvstende - Seljord kommune

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	11.10.2017	16/17

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet tek eigenvurderingane til vitande.

Møtehandsaming
Oppdragsrevisor Elizabeth Kasin kommenterte eigenvurdeingane.

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Kontrollutvalet tek eigenvurderingane til vitande.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

17/17 Overordna revisjonsstrategi 2017 - Seljord kommune

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	11.10.2017	17/17

Forslag frå sekretariatet:

Saka vert teken til vitande.

Møtehandsaming
Oppdragsrevisor Elizabeth Kasin gav utvalet ei utfyllande orientering om revisjonsstrategien i Seljord kommune i 2017.

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Saka vert teken til vitande.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

18/17 Budsjett for kontroll og tilsyn 2018 – Seljord kommune

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	11.10.2017	18/17

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet innstiller følgjande til Kommunestyret:

Kommunestyret vedtek framlegg til budsjett for 2018 for Kontroll- og tilsynsverksemda i Seljord kommune med ei ramme på kr 874 500,-

Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg skal fylgje budsjettsaka til kommunestyret via formannskapet

Møtehandsaming
Sekretariatet kommentera budsjettet.

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Kontrollutvalet innstiller følgjande til Kommunestyret:

Kommunestyret vedtek framlegg til budsjett for 2018 for Kontroll- og tilsynsverksemda i Seljord kommune med ei ramme på kr 874 500,-

Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg skal fylgje budsjettsaka til kommunestyret via formannskapet

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

19/17 Referatsaker 11.10.2017

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	11.10.2017	19/17

Forslag frå sekretariatet:

Referatsakene takast til vitande.

Møtehandsaming

Saksopplysningar:

1. Referatsaker
   - Tilsynsrapport – Kommunen som barnehagemynde
   - Temarks høstkonferanse, 8. november.

2. Saker behandla i kommunestyret
   - PS 48/17 – Årsmelding for kontrollutvalet 2016
   - PS 49/17 – Orientering frå revisor til kontrollutvalet
   - PS 56/17 – Årsrekneskap 2016 for Seljord kommune
   - PS 76/17 – Kontrollutvalet – Val av 2. varamedlem.

3. Innkommen post
   - Ingen post

4. Neste møte 22.11.17, kl. 09.00
   - Budsjettorientering 2018
   - Kontrollutvalets møte- og arbeidsplan for 2018
   - Orientering frå revisor
   - Orientering kring anbudsprosessen av mat til institusjon

Rapporten på selskapskontroll av Brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark vil vere klar i midten av oktober. Det vil bli satt opp eit fellesmøte med kontrollutvala i Vest-Telemark for gjennomgang den 25.10, klokka 17.00.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Referatsakene takast til vitande.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

20/17 Eventuelt 11.10.2017

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	11.10.2017	20/17

Møtehandsaming
Inga saker vart handsama under eventuelt i møtet.

Votering

Vedtak

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 16/13024-6
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang
Seljord kontrollutval

Møtedato
25.10.2017

Rapport - Selskapskontroll - Brannversamarbeidet i Vest Telemark IKS og sjølvkost feietenester – Seljord kommune

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet tek Selskapskontrollrapporten «Brannvernsamarbeidet i Vest Telemark IKS – Seljord kommune» og forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjølvkost på feietenester – Seljord kommune» til vitande.

Tilråding til kommunestyret:

selskapet bør:

- gjere konkrete vurderingar kor stor del av dei ulike felles administrative kostnadane kan knytast til høvesvis førebyggande arbeid og feietenestene. Vurderingane bør bli dokumenterte.
- i større grad gi informasjon om grunnlaget for sjølvkostberekninga i selskapet.
- sjå til at opplysningane om styret i Enhetsregisteret blir oppdatert, at formelle krav om innhald i årsmeldinga blir følgt og at kommunane blir fakturert i samsvar med selskapsavtalen.

Kommunen bør:

- slette momoriakonto for feietenester og sette overskot frå 2016 på sjølvkostfond
- vurdere å gjere vedtak i kommunestyret om kva dekningsgrad sjølvkosttenestane skal ha slik at det er tydeleg korleis eventuelle underskott skal handterast i framtida.

Bakgrunn for saka:

Seljord kontrollutval har handsama saken i møte 30.11.2016 sak 25/16. Følgjande vedtak vart fatta:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan og tilbodet på Selskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Brannvernsamarbeidet i Vest Telemark IKS frå Telemark kommunerevisjon som det ligg føre. Med ein samla pris på kr. 200 000,-.

Kontrollutvalet ynskjer å ta med ei undersøking av Fyresdal kommune si prissetting av feie- og tilsynstenestene i forhold til sjølvkostreglane. Med ein ekstra pris på kr 20 000,-

Kontrollutvala i dei seks eigarkommunane har i likelydande vedtak hausten 2016 bestilt forvaltningsrevisjon av Vest-Telemark Brannvernsamarbeid IKS med tema sjølvkost. Forvaltningsrevisjonen har som formål å kontrollere at selskapet kan dokumentere sjølvkost for feie- og tilsynstenestene. I tillegg har revisjonen beskrive organiseringa av selskapet, tenestene og kostnadsnivået.

Saksopplysningar:

Telemark kommunerevisjon IKS v/ Dag Oftung legg fram selskapskontrollrapport – «433 006 Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS – sjølvkost» og forvaltningsrapport «433006-3 Sjølvkost på feietenester - Seljord kommune».

Problemstillingar i rapporten Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS – sjølvkost:

- Korleis er Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS organisert?
    - Formell organisering
    - Økonomisk organisering og fordeling av utgifter mellom kommunane og selskapet
    - Ansvarsfordeling og roller – selskapet og kommunane
    - Dokumentasjon av verksemda

- Korleis er nivået på utgifter og tenester for eigarkommunane i forhold til andre kommunar?

- I kva grad får kommunane levert feie og tilsynstenestene til sjølvkost

Revisjonen har avgrensa rapporten til forholda i selskapet i året 2016. Forvaltningsrevisjonen er avgrensa mot sjølvkostberekninga i den einskilde kommune. Dei kommunane som har tinga revisjon av dette vil få utarbeidd eigen delrapport. Revisjonen har ikkje sett på kvaliteten i sjølve tenestene.

Problemstilling i rapporten Sjølvkost på feietenester - Seljord kommune :
Er kommunen si berekning av sjølvkost for feiing og tilsyn av fyringsanlegg i 2016 i samsvar med reglar og retningsliner?

Revisjonen har undersøkt forholda i 2016. Revisjonen har ikkje undersøkt kvaliteten på tenestene.
I følgje brann- og eksplosjonsvernlova er det opp til kommunen korleis gebyra for den einskilde skal utformast. Dette har revisjonen ikkje undersøkt nærare.

Vurdering frå sekretariatet:

Sekretariatet legg fram anbefalingane frå rapportane som forslag til vedtak.

Vedlegg:
-433 006 Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS – sjølvkost
-433006-3 Sjølvkost på feietenester - Seljord kommune

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

Sjølvkost på feietenester

Seljord kommune

2017 :: 433 006-3

Forord

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Telemark kommunerevisjon IKS utfører forvaltningsrevisjon innanfor dei fleste område, og med forskjellige innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har brei kompetanse innan offentleg forvaltning. Vi samarbeider fagleg og administrativt med Buskerud kommunerevisjon IKS og Vestfold kommunerevisjon. Vi gjennomfører oppdraga i samsvar med Norges kommunerevisorforbunds standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

Denne forvaltningsrevisjonen er gjennomført av forvaltningsrevisor Dag Oftung, med Kirsti Torbjørnson som oppdragsansvarlig.

Seljord kommune har fått følgjande rapportar om forvaltningsrevisjon sidan 2012:

- 750 011 Vest-Telemark PPT – eit forprosjekt (2013)
- 728 014 Eigedomsforvaltning (2013)
- 728 015 Førebyggande arbeid barn og unge (2015)

Du kan finne alle rapportane våre på nettstaden vår www.tekomrev.no, der du også kan lese meir om forvaltningsrevisjon generelt.

Innhald

Samandrag iii

1 Innleiing 1
- **1.1 Bestillinga frå kontrollutvalet** 1
- **1.2 Problemstilling og revisjonskriterium** 1
- **1.3 Avgrensing** 2
- **1.4 Metode og kvalitetssikring** 2
- **1.5 Høyring** 2

2 Sjølvkost på feiing og tilsynstenester 3
- **2.1 Problemstilling** 3
- **2.2 Revisjonskriterium** 3
- **2.3 Fakta om sjølvkost på feietenester** 3
- **2.4 Revisor si vurdering** 6
- **2.5 Konklusjonar** 8
- **2.6 Tilrådingar** 8

Litteratur og kjeldereferansar 9

Tabelloversikt ..... Feil! Bokmerke er ikke definert.

Figuroversikt ..... Feil! Bokmerke er ikke definert.

Vedlegg 10

Vedlegg 1: Høyringsuttale frå rådmannen 11

Vedlegg 2: Revisjonskriterium 12

Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring 17

Foto framside: Leif Magne Flemmen/hytteavisen.no

Samandrag

Bestilling og bakgrunn

Forvaltningsrevisjonen er bestilt av kontrollutvalet i Seljord kommune 21. september 2016 i sak 17/16.

Denne rapporten omhandlar undersøkinga av korleis kommunen sjølv handterer sjølvkostreglane for feie- og tilsynstenester.

Problemstilling

Er kommunen si berekning av sjølvkost for feiing og tilsyn av fyringsanlegg i 2016 i samsvar med reglar og retningsliner?

Etter vår vurdering er berekninga av sjølvkost i hovudsak i samsvar med reglar og retningsliner, men bruk av framførbart underskot har etter vår vurdering ikkje vore rett.

Berekninga av direkte kostnader i sjølvkostkalkylen er i tråd med Rundskriv H-3/14 *Retningslinjer for beregning av sjølvkost for kommunale betalingstenester.*

Det blir gjort vurderingar av indirekte kostnader og dei er dokumenterte

Bruk av framførbart underskott har ikkje vore i tråd med regelverket. Memoriakonto bør avsluttast og overskot frå 2016 bør bli sett på sjølvskotsfond.

Tilrådingar

Vi meiner at kommunen bør:

- slette memoriakonto for feietenester og sette overskot frå 2016 på sjølvskotsfond.
- vurdere å gjere vedtak i kommunestyret om kva dekningsgrad sjølvkosttenesta skal ha slik at det er tydeleg korleis eventuelle underskott skal handterast i framtida.

Stad, 18. oktober 2017
Telemark kommunerevisjon IKS

1 Innleiing

1.1 Bestillinga frå kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonen er bestilt av kontrollutvalet i Seljord kommune 21. september 2016 i sak 17/16:

> ***Vedtak***
> *Kontrollutvalet ber Telemark kommunerevisjon IKS om å utføre ein forvaltningsrevisjon i selskap av Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS om kostnadsgrunnlage og sjølvkost, i hht plan for selskapskontroll 2016-2020, med atterhald om vedtak i kommunestyret. Prosjektplan leggast fram i neste moglege møte.*

Prosjektplanen blei vedteken i møte 30. november 2016 (sak 25/16) der kontrollutvalet vedtok å ta med ei undersøking av Seljord kommune si prissetting av feie- og tilsynstenestene, i tillegg til kontrollen av kostnadsgrunnlaget frå Brannvernsamarbeidet.

Forvaltningsrevisjon av sjølvkost i Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS går fram av rapport 433 006 Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS - sjølvkost. Fokus i den rapporten er korleis selskapet handterer sjølvkost på feie og tilsynsteneter som blir levert til eigarkommunane.

Denne rapporten omhandlar undersøkinga av korleis kommunen sjølv handterer sjølvkostreglane for feie- og tilsynstenester.

Heimel for forvaltningsrevisjon er gitt i kommunelovens § 77 nr. 4, jamfør forskrift om kontrollutval kapittel 5 og forskrift om revisjon kapitel 3.

1.2 Problemstilling og revisjonskriterium

Rapporten handlar om følgjande problemstilling:

Er kommunen si berekning av sjølvkost for feiing og tilsyn av fyringsanlegg i 2016 i samsvar med reglar og retningsliner?

Revisjonskriteria[1] i denne forvaltningsrevisjonen er henta frå brann og eksplosjonsvernloven og forskrift til denne, samt Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine *Retningslinjer for beregning av sjølvkost for kommunale betalingstenester.* Kriteria står i pkt. 2.2, og er nærmare omtala i vedlegg 2 til rapporten.

1.3 Avgrensing

Vi har undersøkt forholda i 2016.

Vi har ikkje undersøkt kvaliteten på tenestene.

I følgje brann- og eksplosjonsvernlova er det opp til kommunen korleis gebyra for den einskilde skal utformast. Dette har vi ikkje undersøkt nærare.

1.4 Metode og kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført av forvaltningsrevisor Dag Oftung hausten 2017. Oppdragsansvarleg er Kirsti Torbjørnson

For å undersøke korleis kommunen bereknar sjølvkost har vi sett på rekneskapstal, andre kommunale dokument og fått opplysningar frå sentrale personar i kommunen.

Metode og tiltak for kvalitetssikring er omtala nærmare i vedlegg 3 til rapporten.

1.5 Høyring

Utkast til rapport vart sendt på høyring til rådmannen 4. oktober 2017. Rådmannen sitt høyringsbrev ligg i vedlegg 1.

[1] Revisjonskriterium er dei reglar og normer som gjeld innanfor det området vi skal undersøke. Revisjonskriteria er grunnlaget for de analysar og vurderingar som revisjonen gjer og dei konklusjonane vi får. Revisjonskriteria er eit viktig grunnlag for å kunne dokumentere samsvar, avvik eller svakheiter.

2 Sjølvkost på feiing og tilsynstenester

2.1 Problemstilling

Vi ser på denne problemstillinga:

Er kommunen si berekning av sjølvkost for feiing og tilsyn av fyringsanlegg i 2016 i samsvar med reglar og retningsliner?

2.2 Revisjonskriterium

Vi legg desse revisjonskriteria til grunn for våre vurderingar:

- *Dei direkte kostnadene i sjølvkostkalkylen skal vere lik kjøpesummen for tenestene levert av Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS.*
- *Kommunen skal vurdere og berekne kva for indirekte kostnader som høyrer til sjølvkosttenesta.*
- *Kommunen skal handtere overskot/underskot på sjølvkosttenesta i tråd med retningslinene (H-3/14).*
- *Kommunen skal bruke sjølvkostfond til å dekke underskot på sjølvkosttenesta innan fem år.*
- *Kommunen skal berekne kalkulatoriske renter på avsette fondsmidlar.*

2.3 Fakta om sjølvkost på feietenester

Dekningsgrad

Feiing og tilsyn i bygg er lovpålagd. Det er høve til å krevje full dekning frå innbyggjarane for den utgifta kommunen har med dette (sjølvkost), men ikkje meir enn det kommunen har av utgifter. Kommunen kan gjere vedtak om i kor stor grad gebyrinntektene frå innbyggarane skal dekke kostnadene. Kostnader som ikkje blir dekka av gebyra blir belasta kommunebudsjettet.

I handlingsprogram for 2015, vedteke i sak 67/14, er sjølvkostområda omtalt slik under punktet Eigedomsskatt og avgifter:

> Dei avgiftene kommunen sjølv kan fastsetje, skal regulerast til sjølvkostnivå.

I budsjettvedtaka for 2016 (sak 145/15) og 2017 (sak 97/16) finn vi denne formuleringa:

> Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost

Og vidare i note 10 til rekneskapen for 2016 der det bl.a. står:

> Seljord kommune har over lengre tid praktisert eigenbetaling til sjølvkost.

Det ligg ikkje føre noko vedtak som fastsett grad av kostnadsdekning for feietenesta.

Kommunen har ikkje eigen forskrift om feiing og tilsyn. Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS utarbeider denne hausten (2017) framlegg til felles forskrift for alle eigarkommunane.

Fritidsbustader var fram til 2016 ikkje omfatta av lovkravet om regelmessig feiing og tilsyn, men det var høve for eigarar av fritidsbustader å tinge feiing mot å koste dette sjølv. I Seljord kommune var det sju fritidsbustader som fekk feiing i 2016. Faktura for desse kom ikkje med på rekneskapen for 2016.

Frå 1. januar 2016 trådde ny nasjonal forskrift om brannførebygging i kraft. Forskriften har føresegner om at hytter og fritidsbustader og skal vere underlagt lovpålagd feiing og tilsyn frå brannvesenet. Forskriften seier også at feiing og tilsyn skal gjerast etter ei risikovurdering. Det er derfor ikkje bestemte tidsintervall som tidlegare. Det er feiaren som fastsett trongen ut ifrå faste kriterier. Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS opplyser at dei vil kome i gang med feiing av fritidsbustader i 2018.

Berekningsverktøy

For å gjere sjølvkostberekninga nyttar kommunen programvare og bistand frå EnviDan (Momentum). Programvara er eit avansert berekningsverktøy basert på Microsoft Excel. Kommunen har fått bistand frå leverandøren i samband innlegging av grunnlagsdata og med berekning av etterkalkylen.

Leverandøren/programvara er brukt av mange kommunar i Noreg.

Direkte kostnader

Seljord kommune kjøper feiing og tilsyn frå Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS.

I følgje rettleiaren for berekning av sjølvkost[2] er det slik at dersom tenesta blir kjøpt frå eit IKS vil kjøpsprisen inngå i kommunen si sjølvkost som ein direkte kostnad.

I 2016 var den direkte kostnaden som kommunen brukte i sjølvkostberekninga kr 951 922, medan kjøpsprisen til selskapet i følgje fakturaene var på kr 930 462. Resterande kr 21 460 som er ført som direkte kostnader gjeld bruk av programvara og bistand frå Momentum som gjeld feiing, og del av den samla utgiften til programvare KOMTEK.

Indirekte kostnader
Kommunen står sjølv for administrative funksjonar knytt til tenesta. Kostnadene ved dette er indirekte kostnader i sjølvkostkalkylen.

Det er økonomisjef, teknisk sjef og konsulent frå EnviDan (Momentum) som vurderer kva for indirekte kostnader som skal vere med, og kor stor del av heile kostnaden som skal reknast som indirekte kostnader til den aktuelle tenesta.

Økonomisjefen seier det ligg skjønsmessige vurderingar til grunn, og at det blir brukt fordelingsnøklar på ulike brutto driftsutgifter, tal på PC-ar, porto, revisjonstenester, IKT, personaltenester, tilsette på teknisk m.m. Det blir lagt inn såkalla ekskluderingar i programmet for hindre at utgifter som ikkje skal vere del av berekninga kjem med. Kommunen hadde kr 128 035 i indirekte kostnader knytt til feietenesta i 2016.

Berekninga blir dokumentert i programvara frå Momentum.

Kapitalkostnader
Kommunen har ikkje kapitalkostnader knytt til sjølvkostområdet feie og tilsynstenester.

I kalkylen er det sett opp det som vert kalla indirekte kapitalkostnader knytt til investeringar i felles telefonsentral og sak/arkivsystem. Summen som er sett opp i sjølvkostkalkylen var på kr 379. Det er berekna renter av dei indirekte avskrivingskostnadene, kr 36.

Fond/memoriakonto

[2] Kommunal og moderniseringsdepartementet: H-3/14 Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester

Sjølvkostfondet skal ligge hos den som har gebyrinntektene, og i Seljord er det kommunen sjølv som krev inn gebyra.

Økonomisjefen opplyser at det har vore memoriapostert framførbart underskot dei siste åra.

Inngåande balanse (IB) pr. 01.01.2016 var negativ, kr –173 483. Overskot for 2016, kr 131 214 er brukt til å dekke delar av memoriakonto. Utgåande balanse (UB) pr. 31. 12.2016 var kr -44 086.

Kommunen bereknar renter av memoriakonto. Det blei nytta ei rentesats på 1,68 %, lik den såkalla SWAP-renta pluss ½ prosentpoeng.

Selvkostfond 01.01		**-173 483**
-/+ Bruk av/avsetning til selvkostfond		**131 214**
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad selvkostfond		**-1 817**
Selvkostfond 31.12		**-44 086**

Kommunen har ei oversikt som viser plan for handtering av memoriakonto (framførbart underskott).

2.4 Revisor si vurdering

Vår undersøking viser at kjøpssummen til Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS er lagt inn som direkte kostnad i sjølvkostkalkylen. Dette er i tråd med rettleiaren frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, H-3/14.

Kommunen gjer vurderingar av kva for indirekte kostnader som høyrer til sjølvkosttenesta. Det blir nytta fordelingsnøklar i tråd med rettleiaren. Sidan dei som jobbar med feietenesta ikkje er tilsett i kommunen, men i selskapet som leverer tenesta, kan det diskuterast om det er delar av berekningsgrunnlaget som burde vore tatt ut. Til dømes kostnader knytt til personalarbeid, HMS, IKT-tenester m.m.

Innhaldet i sjølvkostberekninga er etter vår vurdering godt dokumentert.

Kommunen har etter vår vurdering ikkje hatt vedtak om full kostnadsdekning på feietenesta, men har operert med memoriakonto/framførbart underskott. Etter vår vurdering er dette i strid med rettleiaren, som seier at eit negativt sjølvkostresultat (underskot) berre kan framførast mot framtidige overskot dersom gebyrområdet

gjennom lov eller kommunestyrevedtak skal ha full kostnadsdekning. Etter vår vurdering må memoriakonto strykast og overskot frå 2016 bli sett av på sjølvkostfond.

Rådmannen seier i sitt høyringssvar at ho ikkje er einig i vår vurdering av at kommunen ikkje har naudsynt vedtak i høve til dekningsgrad. Rådmannen meiner difor at kommunen ikkje bør slette memoriakonto og sette av overskot for 2016 på fond. Sjå høyringssvaret som ligg i vedlegg 1 til rapporten.

Kommunen har verktøy for å vise fondsutvikling (i dette tilfelle memoriakonto) og bereknar kalkulatorisk rente i tråd med rettleiaren, men bruk av memoriakonto har etter vår vurdering ikkje vore rett, jf. siste avsnitt s. 6.

3 Konklusjonar og tilrådingar

3.1 Konklusjonar

Er berekninga av sjølvkost for feiing og tilsyn av fyringsanlegg i 2016 i samsvar med reglar og retningsliner?

Etter vår vurdering er berekninga av sjølvkost i hovudsak i samsvar med reglar og retningsliner, men bruk av framførbart underskot har etter vår vurdering ikkje vore rett.

Berekninga av direkte kostnader i sjølvkostkalkylen er i tråd med Rundskriv H-3/14 *Retningslinjer for beregning av sjølvkost for kommunale betalingstenester.*

Det er gjort vurderingar av indirekte kostnader og dei er dokumenterte

Bruk av framførbart underskott har ikkje vore i tråd med regelverket. Memoriakonto bør avsluttast og overskot frå 2016 bør bli sett på sjølvskotsfond.

3.2 Tilrådingar

Vi meiner at kommunen bør:

- slette memoriakonto for feietenester og sette overskot frå 2016 på sjølvskotsfond.
- vurdere å gjere vedtak i kommunestyret om kva dekningsgrad sjølvkosttenesta skal ha slik at det er tydeleg korleis eventuelle underskott skal handterast i framtida.

Litteratur og kjeldereferansar

Lover og forskrifter

- Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).
- Forskrift 15. juni 2004 nr. 905 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.
- Lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann og eksplosjonsvernloven)
- Forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging.

Bøker

- Frode A. Innjord (red.): Plan- og bygningsloven med kommentarer, Gyldendal Norsk Forlag, 2010

Rapportar

- Telemarksforsking: Selvkost i Volda kommune, TF-notat nr 7/2014

Offentlege dokument

- Rundskriv H-3/14 *Retningslinjer for beregning av sjølvkost for kommunale betalingstenester* Frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, gjeldande frå 01.01.2015.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet: *Regnskapsrapporteringen i KOSTRA – Veiledning* – 2017
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap: *Veiledning til forskrift om brannforebygging* (2016)
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap: *Temaveiledning til kapittel 4 i forskrift om brannforebygging* (2016)

Vedlegg

Vedlegg 1: Høyringsuttale frå rådmann
Vedlegg 2: Revisjonskriterium
Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring

Vedlegg 1: Høyringsuttale frå rådmannen

Høyringssvar frå rådmannen til "Forvaltningsrevisjonsprosjekt om sjølvkost på feietenester"

I høyringsutkastet til "Sjølvkost på feietenester" frå Telemark kommunerevisjon IKS" vert det tilrådd at:

1. Kommunen bør slette memoriakonto for feietenester og sette overskot frå 2016 på sjølvkostfond.
2. Kommunen bør vurdere å gjere vedtak i kommunestyret om kva dekningsgrad sjølvkosttenesta skal ha slik at det er tydeleg korleis eventuelle underskott skal handterast i framtida.

Høyringssvar til punkt 1.

Som det går fram av rapporten frå kommunerevisjonen har kommunestyret i sentrale styringsdokument og –vedtak, som handlingsprogram og serskilde punkt i årlege budsjettvedtak, gjort vedtak som *"regulerast til sjølvkostnivå"* og *"kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost"*. Feie- og tilsynsgebyr er eit typisk gebyr som kjem under omgrepet "kommunale avgifter". **Formuleringa *"regulerast til sjølvkostnivå"* og *"vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost"* tyder at det skal vere 100 % dekningsgrad. Er det ikkje det, så er det ikkje sjølvkost. Ein dekningsgrad under 100 %, er ikkje sjølvkost.** Det er òg dette kommunerevisjonen skriv i rapporten på side 3 *"Det er høve til å krevje **full dekning** frå innbyggjarane for den utgifta kommunen har med dette **(sjølvkost).**"* (**Utheving** i sitatet er gjort av rådmannen).

Som det òg står i rapporten har det i "Note 10 Sjølvkostområder" til rekneskapen vore opplyst i kommentar nr. 2 at *"På VARF-området (vatn, avløp/slam, renovasjon og feiing/tilsyn) har Seljord kommune over lengre tid praktisert eigenbetaling til sjølvkost"*. Ut frå kolonnen "Årets dekningsgrad i %" går det fram at dekningsgraden kan vere over 100 %, til dømes for feiing/tilsyn i 2016 på 112,1 %, og i kolonnen "Sjølvkostfond/framførbart underskot" går det fram kor stort dette er, til dømes feiing/tilsyn med UB 31.12.2016 på kr 44.086.

Rådmannen vil òg peike på at rekneskapen, inkl. sjølvkostutrekninga for feietenesta, jf. note 10 "Sjølvkostområder", er godkjent av kommunerevisjonen og vedteke av kommunestyret utan merknader om bruk av memoriakonto og framførbart underskot.

Rådmannen legg til grunn at kommunestyret sitt vedtak om "sjølvkost" er lik 100 % dekningsgrad. Slik sett meiner rådmannen at kommunen ikkje bør slette memoriakonto for feietenester og då heller ikkje sette overskot frå 2016 på sjølvkostfond.

Høyringssvar til punkt 2.

Frå og med utskrivinga av gebyr for budsjettåret 2018 vil det bli teke med ei eksplisitt formulering om 100 % dekningsgrad ("sjølvkost"). Dette vert gjort i eit eige punkt i budsjettvedtaket, eventuelt i ei eiga kommunestyresak.

Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Lovheimel og lokale føresegner om gebyr
Kommunane har ikkje høve til å krevje betalt for lovpålagte tenester, utan at dette har heimel i lov. Gebyra på dei ulike kommunale tenestene har heimel i dei tilhøyrande lovene. Kommunestyret må sjølv gjere vedtak om nivået på gebyr, jf. kommuneloven § 6, jf. § 10 og § 45 og einskilde særlovreglar.

Gebyra for feiing har heimel i brann og eksplosjonsvernloven (§ 28), som gir kommunen rett til å krevje gebyr:

> *Departementet kan gi forskrifter om avgifter og gebyr til dekning av utgiftene forbundet med gjennomføringen av tilsynsmyndighetenes oppgaver etter denne loven.*
> *Kommunestyret selv kan fastsette lokal forskrift om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg.*
>
> *Om renteplikt ved for sen betaling av avgift eller gebyr ilagt i medhold av forskrift etter første og annet ledd gjelder lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane tilsvarende.*
>
> *Krav på avgift eller gebyr etter paragrafen her er tvangsgrunnlag for utlegg, og kan innkreves av skatteoppkreveren etter reglene for innkreving av skatt.*

Kommunane har høve til å fastsette lokale føresegner om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Gebyra må ikkje overstige kommunens kostnader til feietenestene.

Kostnadsdekning – berekning av sjølvkost
Kommunestyret i Seljord har ikkje gjort vedtak om i kor stor grad gebyrinntektene skal dekke utgiftene på feietenester.

I følge kommuneloven § 23 nr. 2 skal rådmannen sjå til at saker til handsaming i kommunestyret er forsvarlig utgreidde. Dette inneber at rådmannen må sørge for ei forsvarlig utgreiing av dei forventa kostnadene på dei ulike sjølvkostområda.

I retningsliner H-3/14 er definisjonen av sjølvkost *den totale kostnadsøkningen en kommune påføres ved å produsere en bestemt vare eller tjeneste.* Innanfor område der sjølvkost er satt som den rettslege ramma for brukarbetaling, må kommunen utarbeide ein sjølvkostkalkyle (for- og etterkalkyle). Dette for å føre kontroll med at gebyrinntektene ikkje er høgare enn kommunen sin sjølvkost.

Hovudprinsipp for sjølvkost:

- Sjølvkost er den totale kostnadsauka som en kommune/selskap har ved å produsere tenesta.
- En generasjon brukarar skal ikkje subsidiere eller bli subsidiert av neste generasjon.
- Overskot på sjølvkosttenesta bør som hovudregel vere tilbakeført i løpet av fem år.
- Sjølvkost skal vere uavhengig av korleis anskaffingane faktisk har blitt finansiert.
- Kommunen har plikt til å dokumentere sjølvkostberekningane.

Fastsetting av gebyr kan ikkje overstige sjølvkost for den aktuelle tenesta. Når kommunen skal berekne sjølvkost, må kommunen finne dei meirkostnadene som kommunen har ved å yte sjølvkosttenesta.

Frå DSB veileder til forskrift

> *Forskrift om brannforebygging regulerer ikke hvordan et eventuelt gebyr skal innkreves. Det er opp til kommunen hvorvidt den ønsker å ha samme gebyrsats for alle, eller om man ønsker å differensiere størrelsen avhengig av hyppighet, fyringsanlegg, boligtype eller lignende. Kommunens samlede gebyrinntekter kan kun dekke de utgiftene kommunen har for å utføre tjenesten – det såkalte selvkostprinsippet. Det er kun anledning til å kreve gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg.*

Direkte kostnader

Hovudregelen er at kommunen alltid kan knytte direkte kostnader til den aktuelle sjølvkosttenesta. Direkte kostnader er arbeid, varer og tenester som blir brukt for å yte

tenesta. I følgje rettleiaren for berekning av sjølvkost[3] er det slik at dersom tenesta blir kjøpt frå eit interkommunalt selskap (som til dømes Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark) vil kjøpsprisen inngå i kommunen sin sjølvkost som den direkte kostnaden. Dersom tenesta ikkje er kjøpt i konkurranse med andre, må selskapet dokumentere sjølvkost som grunnlag for kjøpsprisen.

Indirekte kostnader

Indirekte kostnader er delar av kostnader som i rekneskapen blir ført på andre funksjonar enn funksjonen for sjølvkosttenesta, i samsvar med definisjonane i KOSTRA-rettleiaren[4]. Det gjeld i stor grad funksjonen for administrasjon og funksjonen for kontroll og revisjon. Indirekte kostnader kan førast på sjølvkostområdet når interntenesta er med på å skape ei heilskapleg teneste for brukarane.

For å finne riktig del av dei indirekte kostnadene, skal kommunen bruke fordelingsnøklar. Det beste er å bruke fordelingsnøklar som er direkte knytte til kostnaden, til dømes tal på medarbeidarar i tenesta i forhold til alle tilsette i kommunen for å finne rett del av utgifter til personalbehandling, eller tal på PC-ar i høve til alle PC-ar i kommunen for å finne rett del av IT-utgiftene.

Kostnader knytt til administrativ leiing av kommunen og utarbeiding av avgjerdsgrunnlag for politisk leiing skal ikkje leggast inn i sjølvkostkalkylen. Tenester som administrative leiarar yter til sjølvkostområdet skal fordelast og leggast inn i sjølvkostkalkylen.

Retningslinene (H-3/14) viser dei mest relevante indirekte tenestene (interntenester), kva for kostnader knytt til desse tenestene som kan førast på sjølvkostområda, og kva for fordelingsnøkkel kommunen bør bruke.

Dersom kontoplanen ikkje er detaljert nok, eller dersom ein ikkje kan fastslå ønska fordelingsnøkkel, opnar retningslinene for å bruke sjølvkosttenesta sin prosentdel av brutto driftsutgifter

[3] Kommunal og moderniseringsdepartementet: H-3/14 Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester

[4] KOSTRA-rettleiaren er gitt ut av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i samband med KOSTRA-rapportering (kommune-stat-rapportering) til SSB. KOSTRA er statistikk om kommunar hos SSB.

Kapitalkostnader
Kapitalkostnadene er knytte til bruk av eigne anleggsmidlar, og skal bereknast på grunnlag av dei investeringskostnadene kommunen faktisk hadde. Kommunen skal berekne lineære avskrivingar[5] av anlegga. Avskrivingane starter normalt året etter at investeringsprosjektet er ferdigstilt.

Kommunen skal også berekne ein rentekostnad for investeringskostnadene. Rettleiaren rår til å nytte rentekostnaden på 5-årig swaprente[6] pluss eit tillegg på ½ prosentpoeng.

Handtering av overskot
I H-3/14, *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale tjenester* blir handtering av overskot/underskot omtalt. For alle sjølvkostområda skal kommunen sette av overskot frå sjølvkostrekneskapen til bundne driftsfond (sjølvkostfond). Eit negativt resultat (underskot) skal reknast mot sjølvkostfondet i den grad det er midlar på fondet. Eit negativt sjølvkostresultat (underskot) kan berre framførast mot framtidige overskot dersom gebyrområdet gjennom lov eller kommunestyrevedtak skal ha full kostnadsdekning. Kommunen kan framføre eit overskot frå sjølvkosttenesta til et seinare år (innanfor ein viss periode).

Sjølvkostfondet sin funksjon er å handtere svingingar i inntekter og kostnader mv. slik at gebyra kan vere stabile over tid. Kommunen skal ivareta sjølvkostprinsippet over tid, og kommunen skal sørge for at gebyrinntektene over tid ikkje overstig kostnadene for åra samla.

Kvart sjølvkostområde skal ha sitt eiget sjølvkostfond. Midlar på eit fond for eitt gebyrområde kan ikkje nyttast (midlertidig) korkje i sjølvkostrekneskapen eller årsbudsjettet/årsrekneskapen til å finansiere årets underskot på eit anna gebyrområde. Sjølvkostfondet skal ikkje nyttast til finansiering av investeringar.

[5] Lineære avskrivingar bereknar ein ved å ta investeringskostnaden og dele på forventa levetid for anleggsmiddelet. Anleggsmiddelet skal førast i balansen med verdien av investeringskostnaden. Kvart år reduserer ein verdien av anleggsmiddelet med det faste beløpet, til anleggsmiddelet ikkje lenger har nokon verdi i rekneskapen. Avskrivinga blir ført som ein årlig kostnad i driftsrekneskapen.
[6] Swaprente er rente for å bytte ei flytande rente med ei fastrente, eller omvendt. Veldig forenkla kan ein seie at swaprente er den fastrenta bankane betaler når dei har bytta bort flytande rente i marknaden.

Kommunen skal rekne ut kalkulatoriske renter av sjølvkostfonda. Rentene skal syne alternativavkastninga som brukarane går glipp av ved at midlane er bundne opp i sjølvkostfond. Utrekningsgrunnlaget vil vere gjennomsnittlig behaldning for det enkelte år. Sjølvkostfondets kalkulatoriske renter er lik utrekningsgrunnlaget multiplisert med kalkylerenta.

For å ivareta generasjonsprinsippet må eit positivt sjølvkostresultat (overskot) vere tilbakeført til brukarane av sjølvkosttenesta innan fem år. Kommunen skal ikkje sette av midlar til eit sjølvkostfond same år som dei bruker av eit sjølvkostfond.

Retningslinene opnar for at kommunen kan ha eit lengre tidsperspektiv enn fem år. Kommunen må vurdere ut frå lokale forhold om det er faglig grunnlag for å strekke perioden for tilbakeføring av overskot ut over fem år. Kommunen må i slike tilfelle grunngi og dokumentere sitt val.

I følge brev av 06.05.08 frå Kommunal- og regionaldepartementet skal underskot frå sjølvkostregnskapet som ikkje kan dekkast ved bruk av sjølvkostfond, bli vist som ein del av kommunen sitt rekneskapsmessige meirforbruk, dersom kommunen i regnskapsåret ikkje har andre dekkande meirinntekter.

Vi legge desse revisjonskriteria til grunn for våre vurderingar:

- *Dei direkte kostnadene i sjølvkostkalkylen skal vere lik kjøpesummen for tenestene levert av Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS.*
- *Kommunen skal vurdere og berekne kva for indirekte kostnader som høyrer til sjølvkosttenesta.*
- *Kommunen skal handtere overskot/underskot på sjølvkosttenesta i tråd med retningslinene (H-3/14).*
- *Kommunen skal bruke sjølvkostfond til å dekke underskot på sjølvkosttenesta innan fem år.*
- *Kommunen skal berekne kalkulatoriske renter på avsette fondsmidlar.*

Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring

Den praktiske gjennomføringa

Forvaltningsrevisjonen starta med brev om oppstart til Seljord kommune 21. juni 2017. Det er ikkje halde oppstartsmøte, men rådmannen har peika ut kontaktperson for arbeidet.

Innsamling av data og rapportskriving har gått føre i perioden frå juli og fram til slutten av september.

Innsamling og analyse av data

Kontaktpersonen i kommunen har fått e-post med konkrete spørsmål om sjølvkost på feie og tilsynstenesta i kommunen. Avklaringar og oppfølgingsspørsmål har skjedd via e-post og telefon.

Vi har fått tilgang til berekningsverktøyet kommune brukar. Vi har og sett på andre aktuelle dokument som til dømes politiske vedtak.

Påliteleg og relevant

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast på ein måte som sikrar at innhaldet i rapporten er gyldig og påliteleg.

Påliteleg betyr at innsamling av data skal skje så nøyaktig som mulig og at ein skal kunne få same resultat dersom undersøkinga vert gjort på nytt. Skriftlege kjelder er slik sett pålitelege og etterprøvbare. Kontaktpersonen vi har fått opplysningar frå er sentral arbeidet med sjølvkost i kommunen.

Vi meiner at data som er henta inn frå kontaktpersonen og dokumenta vi viser til ovanfor er relevante og gyldige i høve til problemstillingane for prosjektet. Vi meiner vi har undersøkt dei forholda som problemstillingane skal avklare.

God kommunal revisjonsskikk - kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast og rapporterast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området, jf. forskrift om

revisjon § 7. Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon[7].

I følgje RSK 001 skal forvaltningsrevisjon kvalitetssikrast, for at undersøkinga og rapporten skal ha naudsynt fagleg og metodisk kvalitet. Vidare skal det sikrast at det er konsistens mellom bestilling, problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar.

Telemark kommunerevisjon IKS har utarbeidd eit system for kvalitetskontroll som er i samsvar med den internasjonale standarden for kvalitetskontroll – *ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og begrenset revisjon av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester*.

Denne forvaltningsrevisjonen er kvalitetssikra i samsvar med krava i RSK 001 og vårt kvalitetskontrollsystem.

7 Gjeldande RSK 001 er fastsett av Norges Kommunerevisorforbund sitt styre med verknad frå 1 februar 2011, og er gjeldande som god kommunal revisjonsskikk. Standarden bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipp og standardar som er fastsett av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute of Internal Auditors (IIA).

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS – sjølvkost på feietenester

Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje kommunar

2017 :: 433 006

Forord

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Telemark kommunerevisjon IKS utfører forvaltningsrevisjon innanfor dei fleste område, og med forskjellige innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har brei kompetanse innan offentleg forvaltning. Vi samarbeider fagleg og administrativt med Buskerud kommunerevisjon IKS og Vestfold kommunerevisjon. Vi gjennomfører oppdraga i samsvar med Norges kommunerevisorforbunds standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

Denne forvaltningsrevisjonen er gjennomført av forvaltningsrevisor Dag Oftung, med Kirsti Torbjørnson som oppdragsansvarlig.

Du kan finne alle rapportane våre på nettstaden vår www.tekomrev.no, der du også kan lese meir om forvaltningsrevisjon generelt.

Innhald

Samandrag iii

1 Innleiing 1
- 1.1 Bestillinga frå kontrollutvala 1
- 1.2 Bakgrunn 1
- 1.3 Problemstillingar 2
- 1.4 Revisjonskriterium 2
- 1.5 Avgrensing 2
- 1.6 Metode og kvalitetssikring 3
- 1.7 Høyring 3

2 Organisering 4
- 2.1 Problemstilling 4
- 2.2 Revisjonskriterier 4
- 2.3 Fakta om selskapet 4

3 Utgiftsnivå 8
- 3.1 Problemstilling 8
- 3.2 Fakta om nivå på utgifter og tenester 8
- 3.3 Oppsummering 11

4 Sjølvkost på tenestene 12
- 4.1 Problemstilling 12
- 4.2 Revisjonskriterium 12
- 4.3 Fakta om sjølvkost på tenestene 12
- 4.4 Revisor si vurdering 15

5 Konklusjonar og tilrådingar 17
- 5.1 Konklusjonar 17
- 5.2 Andre forhold 17
- 5.3 Tilrådingar 18

Litteratur og kjeldereferansar 19

Vedlegg 20

Vedlegg 1: Høyringsuttale 21

Vedlegg 2: Revisjonskriterium 22

Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring 26

Foto framside: Leif Magne Flemmen/hytteavisen.no

Samandrag

Bakgrunn

Kontrollutvala i dei seks eigarkommunane har i likelydande vedtak hausten 2016 bestilt forvaltningsrevisjon av Vest-Telemark Brannvernsamarbeid IKS med tema sjølvkost.

Forvaltningsrevisjonen har som formål å kontrollere at selskapet kan dokumentere sjølvkost for feie- og tilsynstenestene. I tillegg vil vi beskrive organiseringa av selskapet og tenestene og kostnadsnivået.

Problemstilling stikkord

I kva grad får kommunane levert feie og tilsynstenestene til sjølvkost

Etter vår vurdering får kommunane levert feie og tilsynstenester til sjølvkost.

Berekninga av dei indirekte kostnadene burde etter vår vurdering bygge på konkrete vurderingar av kor stor del av dei ulike felles administrative kostnadane som kan knytast til høvesvis førebyggande arbeid og feietenestene. Vurderingane bør bli dokumenterte.

Berekninga av sjølvkost på feietenester bør formidlast på ein betre måte, til dømes i samband med fakturering til kommunane og i årsmelding.

Andre forhold

I denne revisjonen har vi ikkje undersøkt forhold knytt til eigarskap og selskapsstyring. I samband med gjennomgangen har vi sett enkelte forhold som vi likevel vil peike på:

Det er problematisk at selskapsavtalen regulerer kva funksjonar som skal representere kommunen i representantskapet, all den stund dette valet er lagt til kommunestyret sjølv, jf. lov om interkommunale selskap § 6.

Reguleringane i selskapsavtalen av korleis representantskap og styre skal vere samansett kan også føre til inhabilitet både i representantskapet og i kommunen sin administrasjon, jf. lov om interkommunale selskap § 15 og forvaltningslova § 6.

Opplysningane om selskapet sitt styre i Enhetsregisteret er ikkje oppdatert, formelle krav om innhald i årsmeldinga er ikkje følgt og kommunane blir ikkje fakturert i samsvar med selskapsavtalen.

Tilrådingar

Vi meiner selskapet bør:

- gjere konkrete vurderingar kor stor del av dei ulike felles administrative kostnadane kan knytast til høvesvis førebyggande arbeid og feietenestene. Vurderingane bør bli dokumenterte.

- i større grad gi informasjon om grunnlaget for sjølvkostberekninga i selskapet.

- sjå til at opplysningane om styret i Enhetsregisteret blir oppdatert, at formelle krav om innhald i årsmeldinga blir følgt og at kommunane blir fakturert i samsvar med selskapsavtalen.

Skien , 18. oktober 2017
Telemark kommunerevisjon IKS

1 Innleiing

1.1 Bestillinga frå kontrollutvala

Kontrollutvala i dei seks eigarkommunane har i likelydande vedtak hausten 2016 bestilt forvaltningsrevisjon av Vest-Telemark Brannvernsamarbeid IKS med tema sjølvkost. Bestillingane er i samsvar med plan for selskapskontroll i alle eigarkommunane.

Prosjektplan er vedteken i kontrollutvala i dei respektive kommunane:

Kommune	Dato	Saknr.
Fyresdal	01.12.2016	29/16
Kviteseid	07.11.2016	26/16
Nissedal	15.11.2016	29/16
Seljord	30.11.2016	25/16
Tokke	13.12.2016	26/16
Vinje	21.11.2016	26/16

Selskapskontrollen er gjennomført som forvaltningsrevisjon i selskap, jf. kontrollutvalgsforskriften § 14 andre ledd og RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon.

1.2 Bakgrunn

Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS er eit interkommunalt selskap som er eigd av kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Selskapet leverer feie- og tilsynstenester til eigarkommunane.

Kommunane kan ta betalt for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i samsvar med reglane om sjølvkost. Selskapet har også ansvar for andre kommunale oppgåver innan brannvern. Desse tenestene skal ikkje finansierast innanfor sjølvkostrekneskapen. Det kan såleis vere risiko for kryss-subsidiering.

Selskapet utfører feie- og tilsynstenestene for kommunane i eigenregi. Selskapet må difor dokumentere sjølvkost på same måte som kommunen må dokumentere sjølvkost når kommunen sjølv er tenesteleverandør.

Denne forvaltningsrevisjonen har som formål å kontrollere at selskapet kan dokumentere sjølvkost for feie- og tilsynstenestene. I tillegg vil vi beskrive organiseringa av selskapet og tenestene og kostnadsnivået.

1.3 Problemstillingar

- Korleis er Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS organisert?
    - Formell organisering
    - Økonomisk organisering og fordeling av utgifter mellom kommunane og selskapet
    - Ansvarsfordeling og roller – selskapet og kommunane
    - Dokumentasjon av verksemda
- Korleis er nivået på utgifter og tenester for eigarkommunane i forhold til andre kommunar?
- I kva grad får kommunane levert feie og tilsynstenestene til sjølvkost

1.4 Revisjonskriterium

Revisjonskriteria[1] i denne forvaltningsrevisjonen er mellom anna henta frå:

- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Selskapsavtalen
- Brannstudien 2013 (DSB)
- Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester H3/14
- Lov om interkommunale selskap (IKS-lova)
- Offentleglova og forskrift om arkiv
- Tilrådingar og beste praksis for arkiv

Kriteria går fram under kvar problemstilling nedanfor, og er nærmare omtala i vedlegg 2 til rapporten.

1.5 Avgrensing

Vi har undersøkt forholda i selskapet i året 2016.

Forvaltningsrevisjonen er avgrensa mot sjølvkostberekninga i den einskilde kommune. Dei kommunane som har tinga revisjon av dette vil få utarbeidd eigen delrapport.

Vi har ikkje sett på kvaliteten i sjølve tenestene.

[1] Revisjonskriterium er dei reglar og normer som gjeld innanfor det området vi skal undersøke. Revisjonskriteria er grunnlaget for de analysar og vurderingar som revisjonen gjer og dei konklusjonane vi får. Revisjonskriteria er eit viktig grunnlag for å kunne dokumentere samsvar, avvik eller svakheiter.

Vi skildrar korleis selskapet er organisert og gjer enkelte vurderingar opp mot selskapsavtale og lov om interkommunale selskap. Vi har ikkje vurdert organisering og eigarstyringa systematisk opp mot lov om interkommunale selskap og tilrådingar frå KS om eigarskap.

1.6 Metode og kvalitetssikring

For å undersøke problemstillingane vil vi gjennomgå dokument som selskapsavtale, budsjett, og andre styrande dokument. Vi har sett på rekneskapstal for 2016.

Vi har intervjua sentrale personar i verksemda og eigarkommunane.

Undersøking av kostnadsnivå og frekvens på feiing og tilsyn i regi av andre samarbeid/selskap er gjort via e-post og telefonsamtalar.

Metode og tiltak for kvalitetssikring er omtala nærmare i vedlegg 3 til rapporten.

1.7 Høyring

Utkast til rapport vart sendt på høyring til selskapet v/dagleg leiar og til eigarrepresentantane i kommunane 6. oktober 2017. Vi har fått høyringssvar frå dagleg leiar i Brannvernsamarbeidet. Høyringa har ført til nokre mindre endringar i teksten som følgje av innspela i høyringssvaret. Høyringssvar ligg i vedlegg 1.

2 Organisering

2.1 Problemstilling

Korleis er Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS organisert?

- *Formell organisering*
- *Økonomisk organisering og fordeling av utgifter mellom kommunane og selskapet*
- *Ansvarsfordeling og roller – selskapet og kommunane*
- *Dokumentasjon av verksemda*

2.2 Revisjonskriterier

Dette kapittelet er beskrivande og har ikkje revisjonskriterier.

2.3 Fakta om selskapet

Formell organisering
Kommunane skal i følgje brann og eksplosjonsvernloven sørge for etablering og drift av brannvesen.[2] Det er i lova (§9) gitt opning for at fleire kommunar kan gå saman om tenestene:

> *To eller flere kommuner kan avtale å ha felles brannvesen eller felles ledelse av brannvesenet. Kommunen kan gjennom avtale overlate brannvesenets oppgaver og leiing helt eller delvis til en annen kommune, virksomhet e.l. Kommunen må i slike tilfeller etablere ordninger som sikrer at all myndighetsutøvelse etter loven skjer under kommunens formelle ansvar.*

Ei av oppgavene til brannvesenet er å sørge for feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

[2] Lov 14.06.2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann og eksplosjonsvernloven)

Interkommunalt Brannvernsamarbeid i Vest-Telemark IKS blei stifta 2. desember 2008, og er eigd av kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje.

Selskapets sitt formelle namn er Interkommunalt Brannvernsamarbeid i Vest-Telemark IKS og det er registrert i Enhetsregisteret i Brønnøysund (27. oktober 2009) med organisasjonsnummer 994 517 139. I daglegtale blir som oftast namnet Brannvern-samarbeidet i Vest-Telemark brukt. Vi brukar dette namnet eller berre Brannvernsamarbeidet i det vidare i rapporten.

I følgje opplysningar i Brønnøysundregisteret er føremålet til selskapet å:

> *samarbeide om brannvesen og utføring av lovpålagte brannførebyggande oppgåver og feiing i desse kommunane*.

I følgje lov om interkommunale selskap[3] skal det opprettast ein skriftleg selskapsavtale. Kvar og ein av eigarkommunane skal vedta avtalen i kommunestyret. For Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark har eigarkommunane inngått ein slik selskapsavtale. Gjeldande avtale trådde i kraft 01.01.2009. Avtalen manglar underskrifter frå representantar frå eigarkommunane. Selskapsavtalen inneheld elles minstekrava lov om interkommunale selskap stiller til slike avtalar.

Leiar i selskapet opplyser at det ligg føre framlegg til ny selskapsavtale som er vedteken i styre og representantskap og som no er vedtatt i alle kommunestyra. Det er venta at den nye avtalen blir gjort gjeldande frå 2018. Vi har ikkje undersøkt den nye avtalen.

Selskapet har hovudkontor i Høydalsmo. Dette er i tråd med den gjeldande selskapsavtalen.

Økonomi
Selskapet hadde slikt resultatrekneskap i 2016.

Inntekter	Kr 7 004 203
Kostnader	Kr 6 990 186
Driftsresultat	**Kr 14 016**
Finansinntekter	Kr 5 749
Finansutgifter	Kr 19 756
Årsresultat	**0**

[3] Lov 29.01.1999 nr. 6 om interkommunale selskaper

I samsvar med selskapsavtalen er det ikkje innskot frå eigarane i selskapet.

Årlege kostnader til førebyggjande arbeid blir fordelt slik: 20 % av kostnadene blir fordelt likt mellom kommunane, medan 80% blir fordelt etter folketal i kommunane pr. 1. januar i rekneskapsåret.

Utgiftene til **feietenesta** blir fordelt mellom kommunane etter talet på piper som er registrerte i dei respektive kommunane. Talet på piper er pr. 1. januar året før det aktuelle rekneskapsåret.

Ifølgje selskapsavtalen skal kommunane fakturerast a konto to gonger i året (1. januar og 1. juli) med ei avrekning innan 31. desember. Det blei sendt ut slike fakturaer i 2016:

- ✓ A kontorekning for 2016 for administrasjon/førebyggjande blei sendt ut i januar 2016.
- ✓ Avrekning for både adm/førebyggande og feiing for 2015 blei sendt ut i mars 2016.
- ✓ A kontorekning for feietenester 2016 blei sendt ut i juni 2016.
- ✓ Avrekning for 2016 for både adm/førebyggande 2016 blei sendt ut i august 2017.

Selskapet fører rekneskapen etter rekneskapslova slik det er gitt føringar om i lov om interkommunale selskap.

Årsmelding og rekneskap for 2016 blei godkjend i styret for selskapet 3. mai 2017. Representantskapet handsama og godkjende årsmelding og rekneskapen for 2016 i representantskapsmøte 18. mai 2017, og det blei sendt Brønnøysundregisteret 22. juni 2017.

Selskapet har utarbeidd årsmelding for 2016 og vi har undersøkt denne i høve til rekneskapsloven § 3-3[4] som gir føringar for innhaldet i årsmeldingar for små føretak.

Årsmeldinga for 2016 beskriv kort kjerneområda i selskapet. Det er ikkje oppgitt kor selskapet held til (adresse) og opplysningar om eventuelle filialar.
Det er ikkje bekrefta i årsmeldinga at føresetnadene for fortsatt drift er til stades.

Årsmeldinga inneheld ikkje opplysningar om arbeidsmiljøet generelt eller særskilte opplysningar om skader, ulykker eller sjukefråvær.

[4] Lov 17.07.1998 nr 56 om årsregnskap m.v. (regnskapsloven)

Tilstanden når det gjeld likestilling eller mogleg påverknad på ytre miljø er ikkje omtalt i årsmeldinga.

Årsmeldinga er underteikna av alle styremedlemmar og dagleg leiar i selskapet og handsama av representantskapet. Årsmeldinga blei sendt Brønnøysundregisteret 22. juni 2017.

Rekneskapen blir ført av Vest-Telemark kraftlag og revidert av Revisorteam Vest-Telemark AS.

Ansvar og roller
Kommunane sine eigardelar i selskapet er slik:

Vinje kommune	24 %
Seljord kommune	20 %
Kviteseid kommune	18 %
Tokke kommune	18 %
Nissedal kommune	10 %
Fyredsal kommune	10 %

I følgje selskapsavtalen er det ordførarane i kommunane som representerer kommunane i representantskapet. Varaordførarar er personlege vararepresentantar. Det har det vore to møte i representantskapet i 2016. Vi har ikkje undersøkt om dei respektive kommunestyra har valt representantar for perioden i samsvar med dette, jf. lov om interkommunale selskap § 6.

Representantskapet skal velje eit styre, sett saman av tre medlemmar og tre personlege varamedlemmar. I følgje selskapsavtalen skal alle kommunane vere representerte i styret. Vidare skal styret ha slik samansetning: ein ordførar eller utvalsleiar, ein rådmann og ein teknisk sjef.

Informasjonen om styremedlemmar i Brønnøysundregisteret var ikkje oppdatert pr. 4. oktober 2017.

Tilsette
Brannvernsamarbeidet har i tillegg til leiar åtte tilsette, alle i 100 % stillingar. Av desse er det seks som jobbar med feiing og tilsyn.

3 Utgiftsnivå

3.1 Problemstilling

Korleis er nivået på utgifter og tenester for eigarkommunane i forhold til andre kommunar?

Problemstillinga er beskrivande og utan revisjonskriterier.

3.2 Fakta om nivå på utgifter og tenester

Tenester

I forskrift om brannforebygging § 17 er det slik formulering om kommunen sitt ansvar for feiing:

> *Kommunen skal sørge for at røykkanaler i fyringsanlegg som brukes til oppvarming av byggverk, blir feiet ved behov. Feiingen skal utføres på en faglig tilfredsstillende måte som medfører minst mulig ulempe for eiere og brukere. Etter feiingen skal feieren sørge for at all sot blir fjernet og brakt til egnet sted.*
>
> *Kommunen skal sørge for at det ved behov blir ført tilsyn med fyringsanlegg som brukes til oppvarming av byggverk. Kommunen skal sørge for at det blir ført tilsyn med fyringsanlegget etter brann eller eksplosjon i eller i tilknytning til fyringsanlegget.*

Forskrifta trådde i kraft frå 2016. Før dette var det i forskrifta krav om feiing kvart andre år og tilsyn minimum kvart fjerde år.

Leiar for Brannvernsamarbeidet opplyser at selskapet fram til no har følgt den gamle forskrifta og hatt slikt nivå på feie- og tilsynstenestene som blir gitt til kommunane:

- ✓ Feiing av piper skal skje kvart andre år
- ✓ Tilsyn med fyringsanlegg skal skje minst kvart fjerde år.

Leiar i selskapet seier det er system for å føre oversikt over bygningar og utførte feie- og tilsynstenester i KOMTEK[5]. Utført feiing og tilsyn blir registrert, feil og manglar og neste dato for feiing blir satt. Her skal type eldstad i bygningane være registrert.

[5] KOMTEK er programvare for eigedomsrelaterte tenester.

Det er mogleg for bustadeigarar å tinge ekstra feiing, men dei må då betale ekstra for dette. I andre tilfelle vurderer feiarane at det er trong for ekstra feiing. Då betaler ikkje eigar ekstra.

Det har fram til 2016 ikkje vore krav om feiing for fritidsbustader. Eigarar av fritidsbustader har likevel hatt høve til å tinge feiing hjå selskapet. Selskapet samordnar slike førespurnader med ordinær feiing, og har sendt faktura for dette til kommunen der fritidsbustaden ligg. Det er kommunen som sender faktura til eigar av fritidsbustaden.

Ei ringerunde til andre kommunar i Telemark viser at alle desse har hatt same frekvensen på feiing og tilsyn som det Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark har pr. 2016; feiing kvart andre år og tilsyn minst kvart fjerde år. Dette gjeld Midt-Telemark-kommunane (Bø, Nome og Sauherad), Skien/Siljan, Tinn, Notodden/Hjartdal og Kragerø.

Frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap får vi opplyst at det ikkje finst noko nasjonal statistikk som viser frekvens på feiing for kommunane i Noreg.

Utgifter

Sjølv om feiing hos kvar og ein pipeeigar berre skjer kvart andre år og tilsyn skjer kvart fjerde år fakturerer Brannvernsamarbeidet kommunane med ein pris pr. registrerte pipe kvart år. Likeeins betalar huseigarane ei årleg feie og tilsynsavgift til kommunen, også det uavhengig om det faktisk har vore feia eller tilsyn det aktuelle året.

Prisen pr. pipe som Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark fakturerte eigarkommunane i 2016 var kr 601 (utan MVA)

KOSTRA fører statistikk på gebyr og brukarbetaling i kommunane. Statistikken viser mellom anna «årsgebyr for feiing og tilsyn – ekskl. mva. Det blir gitt slik forklaring på variabelen:

> *I mange kommuner er det ikke feiing og/eller tilsyn hvert år, her føres et gjennomsnittlig årlig gebyr opp. Enkelte kommuner har et årlig fast gebyr selv om feiingen/tilsynet ikke er årlig, her er summen av de årsgebyrer som tilsvarer prisen for feiing og tilsyn av ett piperør ført opp.*

Tabellen nedanfor viser årsgebyr (ekskl. MVA) for feiing og tilsyn til forbrukar. Det inneber at den ikkje viser direktekostnaden i kommunane eller kjøpsprisen pr. pipe hjå

dei som leverer tenesta, og kan såleis ikkje samanliknast direkte med kostnaden per pipe frå Brannvernsamarbeidet til eigarkommunane. Dersom vi legg til grunn at dei indirekte kostnadane som blir lagt til i kommunane relativt sett er på om lag same nivå, kan dette tyde på at kostnadene for tenesta som blir levert av Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark er høgare enn andre leverandørar (kommunar/samarbeid).

Tabellen viser og gjennomsnitt i fylka Telemark, Buskerud og Aust-Agder samt for heile landet utanom Oslo. Dette styrker vår vurdering at det er rimeleg å slutte at Brannvernsamarbeidet ligg høgre enn andre kommunar/leverandører.

Tabell 1 Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. Kommunane i Telemark 2016 og 2017.

Kommune	01.01.2016	01.01.2017
Porsgrunn	400	426
Skien	158	310
Notodden	479	386
Siljan	332	374
Bamble	440	440
Kragerø	362	364
Drangedal	340	340
Nome	377	397
Bø	386	392
Sauherad	362	400
Tinn	584	598
Hjartdal	535	550
Seljord	**792**	**648**
Kviteseid	**799**	**615**
Nissedal	**677**	**664**
Fyresdal	**480***	**491**
Tokke	**.. ****	**500**
Vinje	**723**	**745**
Telemark	474	501
Buskerud	490	494
Aust-Agder	347	350
Landet u/Oslo	432	441

Kilde: KOSTRA

***Talet som gjeld Fyresdal kommune er mest sannsynleg feilrapportering. På kommunen sine heimesider er årsgebyret sett til kr 714.**

****Tokke kommune har ikkje rapportert i 2016. Frå heimesida til kommunen har vi funne at årsgebyret var kr 666.**

Leiar av Brannvernsamarbeidet seier prisen på tenesta dei leverer kan bli opplevd som høg. Den høge prisen skuldast mellom anna at dei har få piper og lange avstandar. Når fritidsbustadene blir med i ordninga frå og med 2018 reknar leiar med at dette vil føre til omlag halvering av pipeprisen. Han seier vidare at den nye forskrifta gir rom for å

legge om på frekvensen til kvart tredje år, og det er aktuelt å slå saman feiing og tilsyn i ein operasjon.

Vidare seier leiar at dei vil gå over til SMS-varsling og kutte ut varsel på papir som blir lagt i postkassa. Leiar meiner at dette sparer mykje tid, med at det også er kostnader med slik varsling. SMS-varsling blir er heilt avgjerande for å nå hyttegarar.

3.3 Oppsummering

Normal frekvens på feiing og tilsyn i Telemark og elles i landet synest å vere feiing kvart andre år og tilsyn kvart fjerde år. Brannvernsamarbeidet har fram til no praktisert same frekvens i dei seks eigarkommunane.

Samanlikninga indikerer at feiing og tilsyn i Brannvernsamarbeidet kostar meir per pipe enn i dei kommunane og samarbeida vi har samanlikna med. Vi kan ikkje seie noko sikkert om årsakene til det.

4 Sjølvkost på tenestene

4.1 Problemstilling

I kva grad får kommunane levert feie og tilsynstenestene til sjølvkost

4.2 Revisjonskriterium

- *Alle kostnader for feiing og tilsyn selskapet fakturerer kommunane skal kunne knytast til den aktuell sjølvkosttenesta.*
- *Selskapet skal vurdere kva for indirekte kostnader som høyrer til feie og tilsynstenesta.*
- *Det skal være full kostnadsdekning for selskapet på feie og tilsynstenestene kvart år.*
- *Sjølvkosten bør vere dokumentert.*

4.3 Fakta om sjølvkost på tenestene

Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark driv med to hovudoppgåver; førebyggjande brannvern og feietenestene.

Førebyggjande brannvern er kartlegging av risiko for brann og kva for konsekvensar det kan få for liv, helse, miljø og materielle verdiar i kommunen. Dette er ei oppgåve kommunen i følgje forskrift om brannforebygging er pålagd å utføre. Oppgåva kan ikkje dekkast med brukarbetaling. Kostnadene må dekkast over kommunebudsjetta. Brannvern-samarbeidet fakturerer eigarkommunane etter fordelingsnøkkel gitt i selskapsavtalen.

Feietenesta inneber jamleg[6] feiing av piper og tilsyn med fyringsanlegg hjå innbyggjarane. For denne tenesta kan kommunane få dekka kostnadene gjennom gebyr, men gebyra kan ikkje overstige den kostnaden kommune har med å produsere tenesta. Selskapet utfører feie- og tilsynstenestene for kommunane som eigenregi.

[6] I ny lov/forskrift gjeldande frå 2016 er det kommunen (eller den som opererer på vegner av kommunen) som skal vurdere kor ofte det er behov for feiing.

Selskapet må difor dokumentere sjølvkost på same måte som kommunen må når kommunen sjølv er tenesteleverandør.

I det følgjande gjer vi greie for korleis selskapet bereknar og dokumenter sjølvkost på feie og tilsynstenestene.

Rekneskapsfører opplyser at selskapet opererer med ein kontoplan basert på vanleg Norsk Standard på art og verksemdsområde fordelt slik:

50 Administrasjon
53 Feiing
55 Frivillig brannvern
52 Førebyggande
56 Grunnkurs - deltid
54 Skogbrann

Driftskostnader
Leiar for selskapet seier at alle utgifter som gjeld sjølve feie- og tilsynstenester blir ført på verksemdsområde **53 feiing.** Rekneskapen for 2016 viser at det blei ført kr 3 514 907 på dette verksemdsområde.

Den største kostnaden er lønskostnader til feiarar. Feiarane jobbar i utgangspunktet berre med feiing og tilsyn. Unnatak er at dei eit par gonger i året er med på kampanjar opp mot huseigarar, til dømes røykvarslarkampanjar.

Det er elles ført kostnader til ulike varer og tenester direkte knytt til sjølvkostområdet feiing og tilsyn. Dette er til dømes verktøy og utstyr, arbeidsklede/verneutstyr, leige av bilar, drivstoff, vedlikehald, forsikringar m.m.

Indirekte kostnader i ein kommune er utgifter til interntenester som er naudsynte også for sjølvkosttenesta; deler av leiing, post/arkiv/sentralbord, rekneskap, lønn, personalarbeid, revisjon, kopi/trykking, kantinedrift m.m. Ein berekna del av dei slike kostnader blir lagt til sjølvkostområdet.

Tilsvarande for selskapet blir den del av dei felles administrative utgiftene selskapet har som kan knytast til det aktuelle tenesteområdet, i dette tilfelle feietenester.

Selskapet fører administrasjonsutgifter på verksemdsområdet 50, administrasjon. Her blir lønnskostnader til leiar for selskapet ført og elles andre felleskostnader knytt til drifta av selskapet.

For å berekne kor mykje av administrasjonskostnadene som skal knytast til høvesvis førebyggande og feiing, blir del av dei samla direkte lønskostnader for dei to områda nytta. I følgje leiar for Brannvernsamarbeidet har slik fordeling har vore nytta frå oppstarten av feieordninga.

Området førebyggande hadde i 2016 28,3 % av lønskostnadene medan feietenestene hadde 71,7 % av totale lønskostander. Tilsvarande blir verksemdsområde 50, administrasjon fordelt med 28,3% på førebyggande arbeid og 71,7 % på feietenestene.

Teneste	Direkte kostnader	Del av administrasjonskostnader	totalt
Førebyggande	1 464 255	376 563	1 840 818
Feietenester	3 514 907	954 889	4 469 796
			6 310 614

Dei direkte kostnaden til å utføre feietenesta, kr 3 514 907, pluss del av administrasjonskostnader, kr 954 889, utgjer sjølvkosten for feietenesta i selskapet. Til saman er dette kr 4 469 796 og dette er grunnlaget for faktureringa til kommunane.

Leiar for Brannvernsamarbeidet seier oversikt over fordelinga av dei administrative kostnadene følgjer som vedlegg til rekneskapen.

Inntekter

Leiar for Brannvernsamarbeidet seier selskapet sine kostnader til feie og tilsynstenestene i følgje selskapsavtalen skal fordelast mellom eigarkommunane etter talet på piper.

Alle inntekter blir ført på eitt felles område i rekneskapen (område 0)

Kommunane fekk i slutten av mai 2016 ein a konto faktura for feietenestene. Fakturaen er basert på forventa utgift pr. pipe for selskapet, multiplisert med talet på registrerte piper i kommunen (pr. 1. januar året før). I august 2017 fekk kommunane ei avrekning for 2016, der kommunane anten mått betale ein restsum, eller blei kreditert for mykje betalt a kontobeløp.

Selskapet fakturerte kommunane for til saman kr 4 469 796 (ul MVA) for feie- og tilsynstenester for året 2016.

Korkje i samband med a konto-fakturaene eller årsavrekninga følgjer det med fakturaunderlag i form av det ein kan kalle ei sjølvkostkalkyle eller eit rekneskap som korleis prisen pr. pipe er rekna ut.

Kostnadsdekning
Årsrekneskapen for selskapet i 2016 syner at selskapet sitt årsresultat var kr 0 slik selskapsavtala føreset.

Kapitalkostnader
Frå rekneskapsfører for selskapet får vi opplyst at det er ikkje er knytt kapitalkostnader til tenesta som gjeld feiing. Det er difor ikkje relevant med berekning av renter av kapitalkostnader.

Fond
Brannvernsamarbeidet gjer ei avrekning på slutten av året, slik at selskapet sin rekneskap kvart år går i null. Selskapet opererer difor ikkje med sjølvkostfond.

4.4 Revisor si vurdering

Kan alle fakturerte kostnader knytast til sjølvkosttenesta?
Brannvernsamarbeidet har ikkje kapitalkostnader knytt til feietenesta og heller ikkje sjølvkostfond. Sidan det er kommunane som krev inn gebyr vil eventuelle avsetningar til fond/bruk av framførbart underskott skje i kommunane.

Dei direkte kostnadene blir ført på eige avdelingsrekneskap (53) og desse er knytt til drifta av feietenestene.

Feietenesta blir, i tillegg til kostnader ført på avdelingsrekneskapen 53, også belasta med kostnader som er tilsvarande det som i ei sjølvkostkalkyle i ein kommune ville vore omtalt som indirekte kostnader. Dette skal vere kostander som er naudsynte for levere ei heilskapleg teneste.

I følgje H-3/14 *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester* skal fordeling av dei indirekte kostnaden i størst mogleg grad reflektere sjølvkosttenesta si bruk av dei felles administrative kostnadene.

Retningslinene rår primært til å lage fordelingsnøklar som beskriv dei ulike kostnadene og kva for fordelingsnøkkel som blir brukt. Retningslinene gir opning for å nytte ei meir sjablongmessig berekning dersom kontoplan ikkje er detaljert nok eller ønska

fordelingsnøkkel ikkje lar seg framskaffe. I så fall skal ein bruke sjølvkostens sin del av totale driftsutgift.

Brannvernsamarbeidet nyttar ein sjablongmessig berekning av dei indirekte kostnadene, og nyttar fordeling etter del av lønnskostnader på dei to områda. Dersom vi gjer ei berekning etter dei respektive områda sine totale kostnader blir skilnaden liten. Området feiing skulle vore belasta med om lag kr 15 000 mindre.

Etter vår vurdering bør selskapet gjere ei meir konkret gjennomgang av fordelinga av dei ulike administrative kostnadene. Sjølv om det er naturleg å tenke at desse kostnadene fordelar seg forholdsmessig, treng det ikkje vere slik. Ein kunne til dømes tenke at leiar brukte meir tid/ressursar på eitt av områda trass i at det var færre tilsette og/eller lågare driftskostnader.

Ein slik konkret gjennomgang vil etter vår vurdering dokumentere selskapet sin sjølvkost for feietenesta på ein betre måte og styrke tilliten til at berekninga er rett.

Full kostnadsdekning

Alle kostander i selskapet knytt til å levere feietenester til kommunane er fakturert etter talet på piper i eigarkommunane. Etter vår vurdering gir dette full kostnadsdekning på feie – og tilsynstenestene, og dette er i tråd med selskapsavtala.

Dokumentasjon av sjølvkost

Selskapet har ein enkel tabell som viser korleis ein har kome fram til sjølvkost for feietenestene. Etter vår vurdering kunne denne og vore formidla i årsmelding, i tillegg til at han ligg ved rekneskapen.

Etter vår vurdering burde selskapet i samband med faktureringa til kommunane legge ved underlagsmateriale som viser grunnlaget for fakturaene.

5 Konklusjonar og tilrådingar

5.1 Konklusjonar

I kva grad får kommunane levert feie og tilsynstenestene til sjølvkost

Etter vår vurdering får kommunane levert feie og tilsynstenester til sjølvkost.

Berekninga av dei indirekte kostnadene burde etter vår vurdering bygge på konkrete vurderingar av kor stor del av dei ulike felles administrative kostnadane kan knytast til høvesvis førebyggande arbeid og feietenestene. Vurderingane bør bli dokumenterte.

Berekninga av sjølvkost på feietenester kunne etter vår vurdering vore formidla på ein betre måte, til dømes i samband med fakturering til kommunane og i årsmelding.

5.2 Andre forhold

I denne revisjonen har vi ikkje undersøkt forhold knytt til eigarskap og selskapsstyring. I samband med gjennomgangen har vi sett enkelte forhold som vi likevel vil peike på:

Det er problematisk at selskapsavtalen regulerer kva funksjonar som skal representere kommunen i representantskapet, all den stund dette valet er lagt til kommunestyret sjølv, jf. lov om interkommunale selskap § 6.

Reguleringane i selskapsavtalen av korleis representantskap og styre skal vere samansett kan også føre til inhabilitet både i representantskapet og i kommunen sin administrasjon, jf. lov om interkommunale selskap § 15 og forvaltningslova § 6.

Opplysningane om selskapet sitt styre i Enhetsregisteret er ikkje oppdatert, formelle krav om innhald i årsmeldinga er ikkje følgt og kommunane blir ikkje fakturert i samsvar med selskapsavtalen.

Det har vore høve for eigarar av fritidsbustader å tinge feiing mot betaling. Selskapet har fakturert kommunen på separate fakturaer, som igjen har fakturert eigarane. Kostnaden ved slik feiing blir ikkje skild ut i rekneskapen, men inngår i den totale kostnaden som blir fordelt på kommunane etter talet på piper. Etter vår vurdering har dette vore ein uheldig måte å gjere det på sidan innbyggarane i kommunane og blir belasta for kostnadene knytt til hyttefeiing.

Omfanget av feiing på fritidsbustader har vore svært lite dei siste åra, og slik sett har dette vore eit problem av meir teoretisk karakter. Problemstillinga vil falle bort no frå 2018 når feiing av fritidsbustader blir del av sjølvskosttenesta.

5.3 Tilrådingar

Vi meiner at selskapet bør

- gjere konkrete vurderingar kor stor del av dei ulike felles administrative kostnadane kan knytast til høvesvis førebyggande arbeid og feietenestene. Vurderingane bør bli dokumenterte.

- i større grad gi informasjon om grunnlaget for sjølvkostberekninga i selskapet.

- sjå til at opplysningane om styret i Enhetsregisteret blir oppdatert, at formelle krav om innhald i årsmeldinga blir følgt og at kommunane blir fakturert i samsvar med selskapsavtalen.

Litteratur og kjeldereferansar

Lover og forskrifter

- Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).
- Forskrift 15. juni 2004 nr. 905 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.
- Lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann og eksplosjonsvernloven)
- Lov 29. januar 1999 nr 6 om interkommunale selskaper
- Forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging.

Bøker

- Frode A. Innjord (red.): Plan- og bygningsloven med kommentarer, Gyldendal Norsk Forlag, 2010

Rapportar

- Telemarksforsking: Selvkost i Volda kommune, TF-notat nr 7/2014

Offentlege dokument

- Rundskriv H-3/14 *Retningslinjer for beregning av sjølvkost for kommunale betalingstenester* Frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, gjeldande frå 01.01.2015.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet: *Regnskapsrapporteringen i KOSTRA – Veiledning* – 2017
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap: *Veiledning til forskrift om brannforebygging* (2016)
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap: *Temaveiledning til kapittel 4 i forskrift om brannforebygging* (2016)

Vedlegg

Vedlegg 1: Høyringsuttale frå administrasjonssjefen/rådmann
Vedlegg 2: Revisjonskriterium
Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring

Vedlegg 1: Høyringsuttale

Vest-Telemark Brannvesen

c/o VTK
3891 HØYDALSMO

Telefon: 35 07 57 11
Telefaks: 35 07 57 35
E-post: post@vtbv.no
Org. nr.: 994 517 139 mva

Telemark kommunerevisjon IKS 17.10.17

Kommentarar til utkast revisjonsrapport

1. Rapport side 7 siste avsnitt: Tilsette. I tillegg til leiar skal det vera åtte tilsette, alle i 100% stillingar.
2. Rapport side 14 siste avsnitt: Brannsjefen meiner at det er selskapsavtala som styrer korleis pipeprisen blir utrekna. Altså årsbudsjett for t.d 2016 dividert på antall piper pr. 01.01.15.
3. Rapport side 16 nest siste avsnitt: Denne tabellen blir lagt som vedlegg til rekneskapen, men ikkje lagt inn i årsmeldinga.

Med helsing

Tore Metveit
Tore Metveit
Brannsjef

POSTADRESSE:
3891 HØYDALSMO

Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Problemstilling 1 og 2 har ikkje revisjonskriterier.

Problemstilling nr 3

I kva grad får kommunane levert feie og tilsynstenestene til sjølvkost

Kommunane har ikkje høve til å krevje betalt for lovpålagte tenester, utan at dette har heimel i lov. Gebyra på dei ulike kommunale tenestene har heimel i dei tilhøyrande lovene. Kommunestyret må sjølv gjere vedtak om nivået på gebyr, jf. kommuneloven § 6, jf. § 10 og § 45 og einskilde særlovsbestemmelser.

Det er Lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann og eksplosjonsvernloven) som er heimelsgrunnlaget for sjølvkost innan feie- og tilynstenestene.

Retningsliner for beregning av selvkost for kommunale betalingstenester (H-3/14), utgitt av kommunal og fornyingsdepartementet, gir føringar for korleis kommunane skal handtere sjølvkostprinsippet.

Sjølvkosttenester kan i følgje H-3/14 organiserast på fleire måtar, men prinsippet om sjølvkost er uavhengig av korleis ein organiserer tenesta. Ein måte å organisere tenesta på er Interkommunalt selskap IKS, slik det er gjort i Vest-Telemark.

> *Selvkostprinsippet gjelder uavhengig av hvordan tjenesten er organisert. Det mest vanlige er at kommunen som sådan er ansvarlig for å utarbeide selvkostkalkyler. Dersom selvkosttjenesten, dvs. de direkte henførbare tjenestene, kjøpes gjennom andre selskaper, samarbeidsformer eller foretak etter anbudsrunde, vil kjøpsprisen inngå i kommunens selvkost som en direkte kostnad.*
>
> *Disse selskapene, samarbeidsformene og foretakene kan imidlertid på sin hånd være ansvarlige for å utarbeide selvkostkalkyler for selvkosttjenesten, herunder eventuelt et system for hvordan de direkte kostnadene skal fordeles på deltakende kommuner.*

Selskap som utfører feie- og tilsynstenestene for kommunane som eigenregi må dokumentere sjølvkost på same måte som kommunen må dokumentere sjølvkost når kommunen sjølv er tenesteleverandør.

Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark har også ansvar for andre kommunale oppgåver innan brannvern. Desse tenestene skal ikkje finansierast innanfor sjølvkostrekneskapen. Det kan såleis vere risiko for krysssubsidiering.

Fastsetting av gebyr kan ikkje overstige sjølvkost for den aktuelle tenesta. Når kommunen skal berekne sjølvkost, må kommunen finne dei meirkostnadene som kommunen har ved å yte sjølvkosttenesta. Dersom sjølvkosttenesta blir kjøpt gjennom eit anna selskap vil prisen på den levert tenesta vere den direkte kostnaden i kommunens sitt sjølvkostrekneskap.

Hovudregelen er at kommunen, men i dette tilfelle selskapet, alltid kan knytte direkte kostnader til den aktuelle sjølvkosttenesta. Direkte kostnader er arbeid, varer og tenester som blir brukt for å yte tenesta. Sjølvkostrettleiaren legg til grunn at dei utgiftene som er ført på KOSTRA-funksjon for den aktuelle tenesta er dei direkte kostnadene.

Indirekte kostnader er deler av kostnader som i rekneskapen blir ført på andre funksjonar enn funksjonen for sjølvkosttenesta, i samsvar med definisjonane i KOSTRA-rettleiaren[7]. Det gjeld i stor grad funksjonen for administrasjon og funksjonen for kontroll og revisjon. Indirekte kostnader kan førast på sjølvkostområdet når interntenesta er med på å skape ei heilskapleg teneste for brukarane.

Tenester som administrative leiarar yter til sjølvkostområdet skal fordelast og leggast inn i sjølvkostkalkylen.

I rettleiaren H-3/14 er kostnader til representantskap og styre omtalt:

> *For interkommunale selskaper (samarbeid) kan alle kostnader knyttet til selskapsorganene regnes som direkte henførbare kostnader, herunder også etablerings- og avviklingskostnader ved omdannelser. Valget av selskapsform medfører nye kostnader til generalforsamling/representantskap. Kostnader til*

[7] KOSTRA-rettleiaren er gitt ut av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i samband med KOSTRA-rapportering (kommune-stat-rapportering) til SSB. KOSTRA er statistikk om kommunar hos SSB.

styret regnes også som henførbar, og vil være med hvis tjenesten er organisert i et kommunalt foretak.

For å finne riktig del av dei indirekte kostnadene, skal kommunen bruke fordelingsnøklar. Det beste er å bruke fordelingsnøklar som er direkte knytte til kostnaden, til dømes tal på medarbeidarar i tenesta i forhold til alle tilsette i kommunen for å finne rett del av utgifter til personalbehandling, eller tal på PC-ar i høve til alle PC-ar i kommunen for å finne rett del av IT-utgiftene.

Retningslinene (H-3/14) viser dei mest relevante indirekte tenestene (interntenester), kva for kostnader knytt til desse tenestene som kan førast på sjølvkostområda, og kva for fordelingsnøkkel kommunen bør bruke.

Dersom kontoplanen ikkje er detaljert nok, eller dersom ein ikkje kan fastslå ønska fordelingsnøkkel, opnar retningslinene for å bruke sjølvkosttenesta sin prosentdel av brutto driftsutgifter

Kapitalkostnadene er knytte til bruk av eigne anleggsmidlar, og skal bereknast på grunnlag av dei investeringskostnadene kommunen faktisk hadde. Kommunen skal berekne lineære avskrivingar[8] av anlegga. Avskrivingane starter normalt året etter at investeringsprosjektet er ferdigstilt.

Kommunen skal også berekne ein rentekostnad for investeringskostnadene. Rettleiaren rår til å nytte rentekostnaden på 5-årig swaprente[9] pluss eit tillegg på ½ prosentpoeng.

Overskott og underskott på sjølvkosttenestene skal etter nærmare reglar settast på fond/memoriakonto. Rettleiaren seier at : *Med hensyn til hvor selvkostfondet skal ligge, vil det som utgangspunkt være naturlig at den enheten som har gebyrinntektene, også har fondet.* I Vest-Telemark er det eigarkommunane som har gebyrinntektene og selskapet opererer ikkje med sjølvkostfond framførbart underskott.

[8] Lineære avskrivingar bereknar ein ved å ta investeringskostnaden og dele på forventa levetid for anleggsmiddelet. Anleggsmiddelet skal førast i balansen med verdien av investeringskostnaden. Kvart år reduserer ein verdien av anleggsmiddelet med det faste beløpet, til anleggsmiddelet ikkje lenger har nokon verdi i rekneskapen. Avskrivinga blir ført som ein årlig kostnad i driftsrekneskapen.

[9] Swaprente er rente for å bytte ei flytande rente med ei fastrente, eller omvendt. Veldig forenkla kan ein seie at swaprente er den fastrenta bankane betaler når dei har bytta bort flytande rente i marknaden.

Revisjonskriterier

- *Alle kostnader for feiing og tilsyn selskapet fakturerer kommunane skal kunne knytast til den aktuell sjølvkosttenesta.*
- *Selskapet skal vurdere kva for indirekte kostnader som høyrer til feie og tilsynstenesta.*
- *Det skal være full kostnadsdekning for selskapet på feie og tilsynstenestene.*
- *Sjølvkosten bør vere dokumentert*

Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring

Den praktiske gjennomføringa

Forvaltningsrevisjonen starta med brev til selskapet om oppstart til 14. juni 2017.

Innsamling av data og rapportskriving harv gått føre i perioden frå sommaren til oktober 2017.

Rapporten ble sendt på høyring til selskapet v/dagleg leiar og eigarrepresentantar i kommunane 6. oktober 2017.

Innsamling og analyse av data

Vi har fått tilgang gang til selskapsavtala med eigarkommunane, rekneskap og årsmelding 2016, fakturaer til kommunane og styre- og representantskapsdokument.

Leiar av Brannvernsamarbeidet er intervjua. Det er skrivi referat og dette er verifisert av vedkommande.

Det har vore e-postkorrespondanse med andre aktørar, til dømes styreleiar, revisor og rekneskapsansvarleg.

Påliteleg og relevant

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast på ein måte som sikrar at innhaldet i rapporten er gyldig og påliteleg. Det betyr at innsamling av data skal skje så nøyaktig som mulig og at ein skal kunne få same resultat dersom undersøkinga vert gjort på nytt.

Påliteleg betyr at innsamling av data skal skje så nøyaktig som mulig og at ein skal kunne få same resultat dersom undersøkinga vert gjort på nytt. Skriftlege kjelder er slik sett pålitelege og kan etterprøvast. Personane vi har fått opplysningar frå er sentrale i høve til arbeid med drift og økonomi i selskapet.

Vi meiner at data som er henta inn frå kontaktpersonen og dokumenta vi viser til ovanfor er relevante og gyldige i høve til problemstillingane for prosjektet. Vi meiner vi har undersøkt dei forholda som problemstillingane skal avklare.

God kommunal revisjonsskikk - kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast og rapporterast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området, jf. forskrift om revisjon § 7. Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon[10].

I følgje RSK 001 skal forvaltningsrevisjon kvalitetssikrast, for at undersøkinga og rapporten skal ha naudsynt fagleg og metodisk kvalitet. Vidare skal det sikrast at det er konsistens mellom bestilling, problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar.

Telemark kommunerevisjon IKS har utarbeidd eit system for kvalitetskontroll som er i samsvar med den internasjonale standarden for kvalitetskontroll – *ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og begrenset revisjon av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester*.

Denne forvaltningsrevisjonen er kvalitetssikra i samsvar med krava i RSK 001 og vårt kvalitetskontrollsystem.

10 Gjeldande RSK 001 er fastsett av Norges Kommunerevisorforbund sitt styre med verknad frå 1 februar 2011, og er gjeldande som god kommunal revisjonsskikk. Standarden bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipp og standardar som er fastsett av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute of Internal Auditors (IIA).